

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.

Saka vert lagt fram for utval for miljø og samferdsel og fylkestinget.»

### **Røysting** (forslaget om utsetjing)

Tomren sitt forslag fekk 3 røyster (MDG, V, SV) og fall.

### **Røysting** (saka)

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (MDG, SV).

### **Vedtak**

1. Havbruksnæringa er ein av dei viktigaste næringane i Vestlandsregionen. For at næringa skal kunne utvikle seg på ein lønnsam og berekraftig måte, meiner fylkesutvalet i Hordaland at det er trong for auka regionalt sjølvstyre i havbruksforvaltninga og samling av forvaltingsoppgåver under regional leiing.
2. På denne bakgrunn vil fylkesutvalet at Vestlandsregionen skal tilførast følgjande akvakulturoppgåver frå regional stat: Forureiningslova og vurderingar etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser og naturmangfaldlova, vassressurslova, konsekvensar for tradisjonell fiskeriverksemd, dyrking av makroalgar, hamne- og farvasslova, akvakulturlova; søknader om matfisk av laks og aure til særlege formål. Dispensasjon frå tildelingsforskriftene. Tildeling av ny produksjonskapasitet.
3. Saka om nye akvakulturoppgåver vert å sende til regjeringa ved Kommunal og moderniseringsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet.